

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
082/17	Formannskapet	PS	26.10.2017
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Rolf-Henning Myrmel	FA - M82	14/846

### Invitasjon til Vest brann- og redningsregion

#### Vedlegg:

Saksfremlegg brannsamarbeid i bergensregionen  
VEDLEGG 1 Rapporten Brannsamarbeid i bergensregionen  
VEDLEGG 2 Vedtekter april 2017  
VEDLEGG 3 Mottatt høringsinnspill til rapport  
VEDLEGG 4 Innspill til rapport med kommentarer

#### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å avslå invitasjon om å delta i etablering av Vest brann- og redningsregion. Økonomiske og geografiske omsyn samt det faktum at dette er eit nybrottsarbeid med usikkerheit på utfallet, talar over dei fordelane som samarbeidet har å tilby. Det har ikkje vist seg eit klart behov for å delta i dette samarbeidet. Ein ynskjer i staden å styrke samarbeidet med dei nærliggande brannvesen. Dersom kommunen ved eit seinare høve ser at samarbeidet oppnår nytteverdi for deltakarkommunane og at kostnadane er avklart kan ein vurdere på nytt om det skal søkast om deltaking i samarbeidet. Ved etablering av felles brann og redning med Lindås, Meland, Radøy og Modalen vil fleirtalet i samarbeidet bestemme Austrheim sin tilknytning til Vest brann- og redningregion.

Austrheim kommunestyre vedtek å gjere avtale med Vest brann- og redningsregion om å behalde tenesta interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA region Bergen) og 110 Hordaland.

### Formannskapet - 082/17 - 26.10.2017

#### FS - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

#### FS vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek å avslå invitasjon om å delta i etablering av Vest brann- og redningsregion. Økonomiske og geografiske omsyn samt det faktum at dette er eit nybrottsarbeid

med usikkerheit på utfallet, talar over dei fordelane som samarbeidet har å tilby. Det har ikkje vist seg eit klart behov for å delta i dette samarbeidet. Ein ynskjer i staden å styrke samarbeidet med dei nærliggande brannvesen. Dersom kommunen ved eit seinare høve ser at samarbeidet oppnår nytteverdi for deltakarkommunane og at kostnadane er avklart kan ein vurdere på nytt om det skal søkast om deltaking i samarbeidet. Ved etablering av felles brann og redning med Lindås, Meland , Radøy og Modalen vil fleirtalet i samarbeidet bestemme Austrheim sin tilknytning til Vest brann- og redningregion.

Austrheim kommunestyre vedtek å gjere avtale med Vest brann- og redningsregion om å behalde tenesta interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA region Bergen) og 110 Hordaland.

## **Saksopplysninger:**

### **Bakgrunn**

I brev frå Bergensalliansen datert 12.mai 2017 får Austrheim kommune ein invitasjon til å delta i etablering av Vest brann- og redningsregion (VBR) - eit interkommunalt samarbeid mellom sjølvstendige brannvesen i bergensregionen. Frist til svar er sett ut oktober.

Viser til vedlagt invitasjon med saksutgreiing og gjengir informasjon. Med bakgrunn i utfordringar frå ei risikokartlegging for kommunane i Bergenalliansen blei det gjennomført ein studie (sjå vedlegg: Brannsamarbeid i bergensregionen) i samarbeid med alle kommunane i Hordaland (samt Gulen) år 2014/2015. Rapporten frå studiet tilrådde at det blir skipa eit samarbeid mellom sjølvstendige brann og redningstenester frå kommunane. Vest brann og redningsregion (VBR) skal være ein interkommunalt samarbeid etter vertskommune modellen med eit sekretariat og felles styre for kommunane og vil bestå av tenestene:

Faglig samarbeid om brannførebyggjande arbeid

Faglig samarbeid om brann- og redningsberedskap

Naudmeldeteneste (110 sentral i Hordaland)

Interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA region Bergen)

Det blir vist til aktuelle lover for etablering av samarbeidet og innhald:

Brann og eksplosjonsvernlova § 15 f.l. - Kommunane skal samarbeide om lokale og regionale løysingar av førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver med sikte på best mogeleg utnytting av samla resursar.

Brann og eksplosjonsvernlova § 16 – Kommuner plikter å knytte seg til nødalarmingsentral i region og bære kostnader ved etablering og drift.

Forureiningslova §§ 42 og 43 – Kommuner skal sørgje for nødvendig beredskap mot mindre tilfeller av akutt forureining. Vidare eit krav om samarbeid med andre kommuner mot akutt forureining.

Austrheim kommune mottar i dag naudmeldeteneste frå alarmsentralen i Hordaland og beredskap

mot akutt forureining frå IUA region Bergen. Ut over dei tenestene som Austrheim mottok i dag, så tilbyr VBR eit regionalt samarbeid om løysingar om førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver.

Det blir vist til saksutgreiinga og lista opp innhald:

Samla fagmiljø

Formelle og strukturerte nettverk for å dele kunnskap

Tilgang til spesialtenester og spisskompetanse

Forutsigbar tilgang til støtte- og forsterkningsressurser

Standardisert fagleg utvikling ved felles system for bl.a.: kvalitetstandardar, prosedyrer, øvingar og innkjøp.

Samordna beredskapsplan

## **Vurdering**

Ei deltaking i samarbeidet vil føre til at Austrheim kommune kan ta del i eit større fagmiljø innan brann- og redningsfaglige emner. Dette talar til fordel både for beredskap og førebyggjande i form av kompetanse og tilgang på resurser. Det opplyst at deltakarkommunane skal få tilgang til spesialistkompetanse som kan bistå med å heve den lokale kompetansen på dette området. Dette kan Austrheim kommune ta nytte av i øvelsessamanheng, administrative oppgåver og førebyggjande arbeid. Vidare står det i sakutgreiinga at deltakarkommunen kan få forutsigbar tilgang på resurser i beredskapssamanheng. Samarbeidet kan gi fleire positive bidrag til Austrheim kommune. Med grunnlag at det faglige samarbeidet er nybrottsarbeid så vil det være usikkerheit knytta til utfallet og gevinsten med å gå inn i samarbeid. 34 kommunar er innvitert til å delta i samarbeidet. Vi veit ikkje om alle vil godta innviasjonen. Det kan også ta tid før ein får samarbeidet til å verke fullstendig. Kostnadane ved å inngå i det totale samarbeidet vil samla sett auke. Det faglige samarbeidet utgjer i seg sjølv ein meirkostnad på ca 128 000. Dette er føresett at alle innviterte kommunar deltek i ordninga. Det er ikkje satt av midlar i budsjettet til brannvernet til eit slikt samarbeid. Det er ikkje mogeleg å flytte midlar internt i budsjettet. Det er avvik i forhold til kurs for mannskap og behov for vedlikehald av eldre utstyr som må løysast over dei neste åra. Det er derfor behov for ekstra løyvde midler til budsjetter for å dekke kostnad av samarbeidet.

## **Økonomi**

VBR skal etter vedtektene finansierast av kostnadsfordeling på 20% av budsjett til lik fordeling på kommuner og 80% av budsjett fordelt per innbyggjar i kommuner. Dersom alle kommunar i rapporten deltek vil VBR bestå av 32 kommunar med omlag 510 000 innbyggjarar. Viser til tabell under for årlege utgifter som følgjer av deltaking i VBR med gitt kostnadsfordeling i vedtekt, kommunetal, innbyggjartal og reknskap for VBR år 2015, jf rapport Brannsamorbeid i

bergenregionen.

Post	Reknskap VBR	Utgift ved deltaking i VBR for Austrheim kommune (2015 tall)	Utgift ved dagens løysing (faktura 2015)
Nødmeldetjeneste (110 Hordaland)	19 409 622	208.468	113.320
IUA region Bergen	2 130 600	22.883	43.813
Faglig brannsamarbeid	5 055 000	54.293	
<b>Totalt</b>		<b>285.644</b>	<b>157.133</b>

Tabellen over viser at deltaking i VBR utgjør ein årleg meirkostnad på kr 128.511 (116 639 i oppsett frå VBR) dvs ca 45 kr pr innbygger med gitte føresetnader. Meirkostnader for Bergen er kr 37 147 dvs ca 0,13 kr pr innbygger. Dette gjeld dersom alle inviterte kommunar deltek i det fullstendige samarbeidet. Det er ikkje tatt høgd for framtidige komunesamanslåinger. Vi veit at etter kommunesamanslåinga er antall kommunar redusert frå 32 til 25. Kommunen sin fastbeløp ( 20% av totalkostnad delt på antall kommunar) vil da auke frå kr 164.122 til kr. 210.076. I kostnaden ligg det eit årleg tilskudd på kr 4.000.000 til samarbeidskommunene, slik det er lagt opp vil det være vanskeleg for andre en Bergen brannvesen og kunne nytte seg av tilskuddet.

### Konklusjon

Økonomiske og geografiske omsyn samt det faktum at dette er eit nybrottsarbeid med usikkerheit på utfallet, talar over dei fordelane som samarbeidet har å tilby. Det har ikkje vist seg eit klart behov for å delta i dette samarbeidet. Ein ynskjer i staden å styrke samarbeidet med dei nærliggande brannvesen. Rådmannen foreslår at ein fortsett med dagens løysing inntil vidare. Dersom kommunen ved eit seinare høve ser at samarbeidet oppnår nytteverdi for deltakarkommunane og at kostnadane er avklart kan ein vurdere på nytt om det skal søkast om deltaking i samarbeidet.

Ved etablering av felles brann og redning med Lindås, Meland , Radøy og Modalen vil fleirtalet i samarbeidet bestemme Austrheim sin tilknytning til Vest brann- og redningregion.

Austrheim kommunestyre vedtek å gjere avtale med Vest brann- og redningsregion om å behalde tenesta interkommunalt utval mot akutt forureining (IUA region bergen) og 110 Hordaland